

KOMMUNAL PLANSTRATEGI

2024-2028

**MED PLANPROGRAM FOR REVIDERING AV
KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2017-2027**

Vågå kommune

Høyringsdokument



INNHOLD

Innleiing	3
Ramme for planstrategiarbeidet	4
Plansystemet i Vågå kommune	7
Utviklingstrekk og utfordringar som påverkar planbehovet	8
Kommunal planstrategi i Vågå	13
Føringar frå kommuneplanens samfunnsdel som blir vidareført i planstrategien.....	15
Regional samhandling og omstilling	18
Konklusjon	20
Vurdering av kommunen sitt planbehov 2024–2028.....	21
Planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel	25

Fotograf Bilde 1 – Nasjonalparkriket reiseliv.

Resten av bileta i planstrategien er frå – Smelt Media

INNLEIING

Kommunal planstrategi skal vere eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i planperioden for å møte kommunen sitt behov. Kommunal planstrategi er difor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som skal danne grunnlaget for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

Føresegna om kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningsloven kapittel 10:

"Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden. Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner.

Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling. Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer.

Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11."

RAMME FOR PLANSTRATEGIARBEIDET

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Forventningane er utarbeidd i medhald av § 6-1 i plan- og bygningslova, og inngår som ein formell del av plansystemet. Dei vart innført samtidig med nye reglar om regionale og kommunale planstrategiar.

Nasjonale forventningar er eit av fleire verkemiddel i plan- og bygningslova for å formidle og ivareta nasjonale interesser og politikk i planarbeidet, og skal følgjast opp av statlege organ i deira medverknad i planlegginga.

På denne måten ynskjer ein å få til eit samanhengande system, der planmyndighetene på alle forvaltningsnivå har ein gjennomgang av mål og strategiar kvart fjerde år.

Forventningane er sektorovergripande, og dei gjev rammevilkår for lokalforvaltninga som kommunen må rette seg etter.


Dei nasjonale forventingane er relatert til fem store utfordringar:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa forventar at kommunane og fylkeskommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i

heile landet. 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla dekkjer alle samfunnsområde og kan bidra til gode prioriteringar i usikre tider.

Eit viktig prinsipp er at ingen skal utelatast. FNs 17 berekraftsmål har tre dimensjonar som er klima- og miljø, sosiale forhold og økonomi. Parisavtalen om klima og naturavtale er sentrale for å nå berekraftsmåla og er forpliktande for kommunane.



Figur 1: FNs 17 berekraftsmål kan delast inn i tre dimensjonar: klima og miljø, sosiale forhold og økonomi.

Innlandsstrategien 2024-2028

Innlandet fylkeskommune skal vedta regional planstrategi i løpet av hausten. Forslag til planstrategi har vore ut til høyring. Innlandsstrategien er Innlandets regionale planstrategi og skal peike retninga inn i framtida og vere eit felles prosjekt for å bygge Innlandet. Innlandsstrategien er fylket sitt svar på nasjonale forventningar og korleis vi skal møte framtida sine utfordringar samstundes moglegheiter skal realiserast på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og sektorar.

Innlandsstrategien har fastsett Innlandet sin visjon "*Eventyrlige muligheter*", eit fylke med sterke røt og store draumar, med mål om å ha eit leiande posisjon innan teknologi, industri, landbruk og reiseliv. Det skal arbeidast med å realisere eventyrlige moglegheiter gjennom:

- Berekraftig ressursforvaltning som gjev utvikling av nye arbeidsplassar
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byer, tettstader og bygder.
- At aktørar i fylket får større nasjonal betydning og synlegheit

Følgjande fire satsingsområde er vidareført i Innlandsstrategien:

- Innbyggjarar
- Inkludering
- Innovasjon
- Infrastruktur

Viktige regionale planar som blir videreført:

- Regional plan for det inkluderende Innlandet
- Regional plan for samfunnstryggleik
- Regional plan for klima, energi og miljø

For perioden 2024-2028 er det signalisert behov for ny samferdselsstrategi for innlandet som mellom anna skal danne grunnlag for samspill med staten sitt arbeid med Nasjonal transportplan. Mobilitetsstrategi for Innlandet 2021-2030 skal reviderast i 2024/2025 og Handlingsprogram for fylkeskommunen sin kollektivtransport, vedteke i 2020, er forutsett lagt til grunn for dette arbeidet.



Figur 1 – Innlandsstrategien – Illustrasjon fra Innlandet Fylkeskommune


PLANSYSTEMET I VÅGÅ KOMMUNE

Kommuneplanen

Alle kommunar skal ha ein overordna plan, kommuneplanen. Dette er todelt og inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Vågå kommune har ein samfunnsdel og arealdel som vart vedteke i 2017. Det vart køyrt ein parallel prosess for å sikre at tema og føringar frå samfunnsdelen vart følgt opp i arealdelen.

Økonomiplan og budsjett

Kommuneplanen har ein handlingsdel som er økonomiplanen. Det er gjennom denne måla i kommuneplanen skal settast i verk. Økonomiplanen er fireårig og det første året svarar til kommunen sitt årsbudsjett. Årsbudsjett og økonomiplan blir revidert og vedteke årleg. Ved å kople saman samfunnsdel og økonomiplan er det lettare for kommunen å planlegge langsiktig. Ved å legge opp til jamleg revidering av samfunnsdelen er det også lettare å justere kurset under vefs.



Figur 2: Oversikt som viser plansystemet.

Andre planar

I tillegg til desse overordna planane har kommunen tema- og sektorvise planar. Eit døme på dette er kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031 som vart vedteke i år.

Arealplanar

For å planlegge bruken av areala i kommunen er det vedteke fleire reguleringsplanar. Desse har meir detaljerte reglar for kva areala kan nyttast til. Desse kan bli utarbeidd av private og kommunen sjølv. Kommunen er mellom anna i prosess med utarbeiding av områdereguleringsplan for Vågåmo for heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred.

UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGER SOM PÅVERKAR PLANBEHOVET

Folketalsutvikling

Aldrande befolkning er ein global trend som slår inn enda tidlegare i Innlandet enn resten av landet. Basert på middels vekst er det forventa at samla folketal i Vågå er stort sett uendra i 2030. Dette skuldast at folk lever stadig lengre og Vågå kommune får difor stadig fleire eldre og færre unge innbyggjarar. Dette er utfordrande for kommunen på fleire område, men ein trend som er vanskeleg å snu ettersom samla fruktbarheitstal for Noreg og Innlandet er på 1,40 barn per kvinne. Dette er det lågaste talet som nokon sinne er målt. For at folketalet skal oppretthaldast må fruktbarheitstalet vere på 2,1. Det er generelt positivt at folk blir eldre og den aldrande befolkninga må brukast som ein ressurs. Det er difor viktig at fleire eldre ynskjer å stå i arbeid lengre. Tidlegare har det vore vanleg å tenke på eldre menneskjer som mottakarar av frivillige tenester, men nye rapportar viser at seniorar er meir frivillige enn resten av befolkninga. Frivillig arbeid gir også auka livskvalitet og gjer at dei eldre held seg friskare lengre, samstundes som deira innsats er eit viktig bidrag inn i samfunnet.

Nye innbyggjarar som kjem som innvandrarar eller flyktningar er viktig for folketalsutviklinga. I 2023 har det vore vekst i Innlandet sitt folketal på grunn av innvandring. Vågå kommune har også teke imot mange flyktningar, særleg frå Ukraina, men dette har ikkje gjeve noko auke i folketalet. 1. januar 2019 vart det 3583 innbyggjarar i Vågå kommune. Per 1. januar 2024 var det 3535 innbyggjarar, ei nedgang på 48.

Vågå kommune og landet elles må tilpasse seg endringar i demografien. Det betyr at Vågå kommune må ta innover seg at befolkningssamansetninga endrar seg naturleg. Direkte vil dette bety at ressursar må skyvast tilsvarande og at dei eldre blir brukt som ein ressurs der dei kan. Den demografiske endringa og tilgang på ressursar er mykje av botnplanken i helse og omsorgsprosjektet for Vågå kommune. Målet er at ein ved ein mest mogleg effektiv ressursutnytting klarer å leggje til rette for at eldre blir i stand til å greie seg meir sjølvstendig lengre.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som fremmar befolkninga si helse og trivsel, som førebygger sjukdom, skade og lyte, og som gjev ei jamnare fordeling av faktorar som påverkar helsa. Med andre ord er folkehelsearbeid all innsats som bidreg til å utvikle gode lokalsamfunn.

Kommunen skal, etter folkehelselova § 5, ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Folkehelselova definerer helse i vid forstand, og folkehelseoversikta har såleis statistikk for ei lang rad helsemessige og sosiale forhold som ein veit kan påverke helsetilstanden til innbyggjarane i kommunen. Kommunen skal gjennom folkehelseoversikta vere særleg merksame på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale helseforskjellar. Dersom kommunen ikkje er bevist på relevante påverkingsfaktorar og korleis desse er fordelt i befolkninga, kan kommunen kome til å vidareføre uheldige miljø- og samfunnsmessige forhold og dermed svekke den sosiale berekrafta.

Folkehelseoversikta gjev nødvendig kunnskap om påverknadsfaktorar og er eit viktig utgangspunkt for planstrategien og planarbeidet. Folkehelseoversikt for Vågå kommune frå 2023 er nytta som eit viktig grunnlagsdokument inn i arbeidet med utarbeiding av planstrategi.

Planstrategien gir ikkje nokon gjennomgang av konklusjonane i folkehelseoversikta, men folkehelseoversikta blir brukt som grunnlag for nokre av prioriteringane som kjem fram av planstrategien. Det blir peika på følgjande fem tema som kommunen bør ha særskild fokus på i det vidare planarbeidet sitt:

- Utjamne sosial ulikheit
- God psykisk helse og livskvalitet
- Førebygge utanforskap og mobbing, også fråfall vidaregåande skule
- Overvekt og fysisk inaktivitet
- Få unge vaksne inn i normalt arbeidsliv

Alle barn og unge i Vågå skal oppleve at dei har eit trygt, godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for å unngå at dei fell utanfor i skule, barnehage og på fritida. Vågå kommune skal ha ein solid kultur for inkludering og fellesskap for alle barn gjennom gode oppvekstvilkår og gode arenaer for læring og utvikling.

Oppvekstreforma kom som ei følgje av Lov om barnevern frå 2023, men også av endringar i velferdstenestelovene. Reforma omfattar alle tenester som arbeider med og rundt barn, unge og deira familiar.

Føremålet med reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren ved å gje tilpassa hjelp til barn og familiar, ivareta rettstryggleiken til barn og familiar, samt å få eit meir effektivt barnevern. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiene sine behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men må også sjåast på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Langsiktig investering i barn og unges oppvekstmiljø gjev positive langtidsverknader, både i form av folkehelse, livskvalitet, kompetanse og berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen si overordna målsetting er å vere med på å bygge eit robust fundament for livskompetanse og livsmeistring der heile det tverrfaglege laget rundt barnet må bidra.

Førebygging og tidleg innsats inneber at kommunane har tilbod om eit breitt spekter av tiltak tilpassa barn og familiar med ulike behov. Dette gjeld både lågterskeltiltak til barn og familiar som treng støtte til å handtere ein vanskeleg livssituasjon, og meir omfattande oppfølgings- og hjelpe tiltak til familiar med store problembelastningar der risikoen for omsorgssvikt er høg. Men det er vel så viktig at barn og unge har eit allsidig og variert fritidstidstilbod, som gode helsefremjande og førebyggande folkehelsetiltak. Det vart i 2024 vedteke ein "*Handlingsplan for førebygging og tidleg innsats*" der overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet til barn og unge er beskrive, korleis ansvaret skal fordelast mellom tenestene, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis dei ulike tenestene skal samarbeide.

Helse og meistring

Arbeidet til kommunen med planverk knytt til helse og meistring må i kommande periode spissast i endå større grad enn tidlegare. Planane bør ta utgangspunkt i kjend kunnskap om demografiske endringar, bemanningstrendar og noverande og kommande nasjonale føringar for tenesteutvikling. Planverket til kommunen bør sikra rammer for prioritering og utvikling lokalt, samarbeid regionalt og samanheng med satsingar i helsefellesskapet Innlandet.

Målet med planverket til kommunen bør vera å sikra berekraftig drift av dei grunnleggjande helse og meistringstenestene og skapa heilskap mellom lokale, regionale og nasjonale tenestetilbod. Planar retta mot enkelte brukargrupper og/eller diagnostas bør i kommande periode berre utarbeidast dersom det kjem nasjonale pålegg om det.

Klimaendring

Klimaendringane er ein viktig utfordringa i tida framover med aukande temperaturar, endra naturlandskap, smelta isbrear, press på truga økosystem og artar, meir ekstremvær og meir naturskade på infrastruktur. Utslepp av klimagassar er avgjeraende for kor store klimaendringar vi kjem til å oppleve. Med reduserte utslepp av klimagassar vil klimaendringane bli mindre og difor er reduksjon av CO₂ utslepp og klimatilpassing viktig.

For Vågå sin del vil truleg endra nedbørsmengde vere ei stor utfordring. Årsnedbøren i Noreg har auka med rundt 20 % etter 1900 og den største aukinga har vore etter 1980.

Klimaframskrivingar tyder på følgjande:

- Årsnedbøren vil fortsette å auke, i gjennomsnitt med 5–30 % mot slutten av hundreåret.
- Det blir fleire dagar med nedbør, og total mengde nedbør blir større for desse dagane.
- Risiko for problem knytt til overflatevatn på vinterstid vil kunne auke på grunn av tele i bakken, snøsmelting og kraftig regn. Det er difor viktig at handtering av overflatevatn blir tilpassa endringar i klima og nedbør.
- Vågå ligg i ein del av landet der det har vore lite nedbør og det er ei utfordring at naturen ikkje er budd på ekstremnedbør som i andre delar av landet. Ved store mengder med nedbør er det stor fare for utrasing av lausmasse i dalsidene.

Den største klimautfordringa er aukande utslepp av klimagassar frå land med veksande økonomiar. Det er likevel viktig at Vågå kommune bidreg til å nå det nasjonale målet om å redusere utsleppa. Vågå kommune har hatt fokus på klimatilpassing og beredskap i samband med revisjonen av kommuneplanen i 2017. Det har vore mindre fokus på utslepp av klimagassar og klimatilpassing. Vågå kommune har ein kommunedelplan for klima-, energi og miljø som vart vedteke i februar 2024. Dei neste fire åra må kommunen arbeide med å følgje opp tiltaksdelen slik at planen blir aktivt brukt. Kommunen har mellom anna sett saman ei klima, energi og miljøgruppe som skal arbeide med dette dei neste fire åra.

Ressursknappheit, natur og arealbruk

Verda står samla sett ovanfor ein ressursknappheit og stadig auka forbruk av natur. Mange stader i verda er det knappheit på viktige ressursar som reint vatn, trygg mat, rein luft, energi, areal og mineral. Det betyr at det må utviklast løysingar for å bruke ressursane meir effektivt og det må vere ei heilskapleg arealplanlegging. Innlandet og Vågå kommune har god tilgang på mykje ressursar, men innanfor Vågå kommune er det per dags dato knappheit på areal for næringsareal og einebustadtomter i sentrum av Vågåmo.

Gjennom arbeidet med områdereguleringsplan for Vågåmo har det blitt arbeidd aktivt med å legge til rette for auka arealutnytting av eksisterande areal. Det blir også lagt opp til god tilgang til utvikling av småhusbusetnad og leilegheiter slik at det blir betre tilgang på desse buformene. På grunn av forsterka jordvernomsyn og krav om effektiv arealutnytting blir det ikkje lagt opp til å legge til rette for einebustadtomter og næringsareal i sentrum av Vågåmo. Det har difor også blitt sett på moglegheiter for betre arealutnytting av eksisterande næring/forretningsareal i områdereguleringsplan som er under utarbeiding.

Vågå kommune har også andre utfordringar når det gjeld ressursknappheit som går på å rekruttere og halde på nok relevant kompetanse. Å vere aktiv i kampen om arbeidskraft vil bli meir og meir viktig. Kommunen må dei neste fire åra arbeide med vidareutvikling av kommunen sin kompetanseplan, slik at den gir betre oversikt over kompetansebehov for dei ulike tenesteområda. Ved at personar i yrkesaktiv alder blir ein mindre del av befolkninga vil betydninga av å behalde tilgjengeleg kompetanse bli større. Rekrutteringsprosessar er ofte svært ressurskrevjande, og ein må difor ha fokus på å leggje til rette for nødvendig kompetanseheving og utvikling av tilsette ein allereie har i organisasjonen. Gjennom dette gjev ein tilsette moglegheit for personleg utvikling i tråd med behov og interesser, byggjer samhald i organisasjonen og samstundes viser korleis ein med dette ser på dei tilsette som ein ressurs.

Vågå kommune ynskjer å vera ei kommune med konkurransedyktige betingelsar ut frå dei kompetansekrav som blir stilt til våre medarbeidarar.

KOMMUNAL PLANSTRATEGI I VÅGÅ

Kommunal planstrategi for Vågå 2024-2028 er den femte planstrategien som kommunen vedtek. Vågå kommunen var ein av to pilotkommunar i Oppland som vedtok planstrategi allereie i 2009. Vågå kommune har ein kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel som vart vedteke i 2017. Dette planverket byrjar å bli gamalt og det er på tide med ein revisjon. I førre planstrategi vart det lagt inn at samfunnsdelen skulle vidareførast, men at kriteria for nasjonalparkkommunar og Besseggen som Nasjonal turiststi skulle innarbeidast i dokumentet. Dette har ikkje blitt gjort da det har vore mindre fokus på behovet for det.

Når det gjeld samfunnsdelen så har denne fungert godt og hovudtema som var vald ut ved revisjon er framleis like aktuelle. Det er slik sett ikkje behov for ein omfattande revisjon av samfunnsdelen. I førre planstrategi vart det tenkt at kommuneplanens arealdel skulle reviderast, men berre nokre utvalde tema som areal for framtidig næringsareal. Dette har ikkje blitt gjennomført fordi det er vanskeleg å finne areal for framtidig næringsareal. Ein har ikkje lykkast med å finne potensielt nytt næringsareal som ikkje råker ved dyrka jord og areal med store naturverdiar. Dette arbeidet må difor vidareførast i neste planperiode.

Store delar av kommunen ligg også innanfor aktsemeldskart for ras og skred. Når det gjeld arealdelen så har også denne planen fungert godt, men det er behov for planvask for å ta ut område som ikkje er aktuell for utbygging. Det er nødvendig å arbeide vidare med å finne nye utbyggingsområde for næringsareal.

Områdereguleringsplan for Vågåmo

Vågåmo tettstad og kommunesenter ligg utsett til for flaum og flaumskred. Staden er etablert på ei ellevifte og det samla farebilete er særleg knytt til hendingar i elvene Finna, Nugga og Otta. Store delar av dagens bebyggelse i Vågåmo ligg innafor fareområde. Dette gjeld også kritisk og sårbar infrastruktur/anlegg. Med dagens krav til tilfredsstillande tryggleik, vil ikkje Vågå kommune på sikt klare å oppretthalde og utvikle kommunesenteret og heller ikkje oppfylle lovpålagte oppgåver innafor tenesteområda barnehage, skule og helse.

Med bakgrunn i denne situasjonen har NVE gjennomført eit moglegheitsstudie av heilsakleg sikring av Vågåmo mot flaumskred og flaumhendingar i elvene Otta, Finna og Nugga. Studien viser at det er mogleg å sikre Vågåmo mot flaum og flaumskred. Dette inneber fleire omfattande tiltak over eit større område i Vågåmo. Desse tiltaka krev regulering for å kunne gjennomførast. Det er kommunen som planstyresmakt som har ansvar for å regulere for flaumsikring. Kommunen har det siste året jobba intensivt med utarbeiding områdereguleringsplan for Vågåmo som planavklarar alle aktuelle tiltak for heilsakleg sikring av Vågåmo. Parallelt med dette arbeider NVE med å utarbeide ein tiltaksplan for gjennomføring av sikringstiltak. Planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo vart vedteke 26.10.2023.

På grunn av uventa utfordringar med mellom anna därleg grunnforhold for tunnel har arbeidet med utarbeiding av områdereguleringsplan blitt forsinka. Det er venta at områdereguleringsplan blir vedteke i 2026. Utarbeiding av områdereguleringsplan inneber at alle eldre reguleringsplanar som ligg innanfor Vågåmo blir erstatta av områdereguleringsplanen. Dette inneber at Vågå kommune får oppdatert og revidert 27 eldre reguleringsplanar. Dette vil bidra til at Vågå kommune får eit nytt og oppdatert planverktøy sjølv om mange planar blir vidareført utan store endringar.

Det har i førre planstrategiperiode vore jobba mykje med stadutviklingsarbeid for Vågåmo. Det har vore utarbeidd ein masterplan for stadutvikling Vågåmo som tek opp i seg føringar frå kommuneplanens samfunnsdel der stadutvikling er ein av fire fokusområde. Tilrådingar frå masterplan blir forsøkt innarbeidd i områdereguleringsplan for å få til ei god stadutvikling av sentrum samstundes som staden blir sikra mot flaum og ras/skred.

Utarbeiding av områdereguleringsplan er difor eit omfattande planarbeid som krev mykje ressursar for kommunen. Inntil denne planen er vedteke må hovudfokuset vere retta mot dette planarbeidet.

FØRINGAR FRÅ KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL SOM BLIR VIDAREFØRT I PLANSTRATEGIEN

Vågå ligg sentralt til som innfallsport både til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar og vi er ein nasjonalparkkommune. Vågå byr på eit mangfald av moglegheiter for både tradisjonelt friluftsliv med fotturar, tinderangling, jakt og fiske i flotte fjellområde.

Vågå har eit variert næringsliv, gode fritids- og rekreasjonstilbod, eit kulturtildod av høg kvalitet og allsidig innhald, gode oppvekstvilkår med full barnehagedekning og ein god skule. Vågå kommune ønskjer å fokusere på utvikling og moglegheiter og ta vare på grunnleggande verdiar og miljø.

Gjennom deltaking i Trygt lokalsamfunn blir det arbeidd med å førebygge ulukker og skader i lokalsamfunnet. Kommunen legg vidare til rette for utvikling av lokalsamfunnet gjennom samarbeid med m.a. næringsliv og frivillige lag og organisasjoner.

Den som vel å flytte til Vågå, og bu i Vågå, skal kjenne seg trygg på at det er ein god stad å bu gjennom alle fasar i livet. Å bu i Vågå, og å flytte til Vågå, handlar om eit livsstilsval. Vågå ønskjer å vere synleg i ulike samanhengar og kanskje på litt utradisjonelle arenaer. Den kommunale tilflyttartenesta er viktig for å hjelpe nye innbyggjarar til rette i bygda.



Figur 3- Kyrkja i Vågå (foto: Smelt media)

I Vågå skal det ligge til rette for å leve det gode liv. Vågå er – og skal vere – eit verdival. Vågå kommune sin visjon er: **VÅGÅ – EIT VERDIVAL**

Vågå kommune skal vere ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrums for fastbuande og tilreisande.

Kva vi legg i det:

Inkluderande


- Vi ser og tek vare på kvarandre
- Vi er ein kommune det er godt å bu og flytte til
- Vi ønskjer å få fram det beste i alle

Levande

- Vi skal ha eit aktivt nærings- og organisasjonsliv
- Vi skal ha gode møteplassar
- Vi skal ha lys i alle glas

Attraktivt

- Vi er stolte over bygda og det vi har
- Vi skal legge til rette for utvikling og folketalsauke
- Vi skal vareta innbyggjarane sine behov



Figur 4 - Næringsverksemd i Vågå (foto: Smelt media)

Hovudfokusområda – utfordringar, mål og strategiar frå samfunnsdel

I lys av visjonen «Vågå – eit verdival», og for å gjere Vågå kommune meir attraktiv som bu- og tilflyttingskommune, vart det sett ekstra fokus på fire tema i kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027:

- Levekår
- Næringsutvikling
- Stadutvikling
- Klima, beredskap og samfunnstryggleik

Innanfor kvart av desse fire hovudfokusområda er ulike satsingsområde nærrare omtalt. Satsingsområda viser kva kommunen ønskjer å rette særskilt fokus på i planperiode. Innanfor kvart satsingsområde er det definert mål. Det er vidare sett opp kva strategiar og vegval kommunen meiner må til for å nå måla.

Satsingsområde:

- Ein god start i livet – tidleg innsats jf. oppvekstreforma
- Eit godt arbeidsliv
- Eit samfunn som fremjar ein aktiv, trygg og frisk alderdom
- Inkludering, integrering, deltaking og medverknad
- Nærmiljø som fremjar god helse
- Systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- Styrke eksisterande bedrifter og utvikle nye arbeidsplassar
- Skape fleire arbeidsplassar innan kultur- og naturbaserte næringer
- Utvikle ein sterkare gründerkultur i Vågå
- Vågåmo – meir synleg og attraktiv som besøks- og handelsstad
- Attraktive bustadtilbod i og nær Vågåmo sentrum
- Gode møteplassar og grønstruktur for alle i sentrum
- Framtidsretta løysingar for veg, trafikk og parkering i Vågåmo
- Vågå næringspark og Lalm industriområde – vidareutvikle til eit attraktivt handels- og næringsområde
- Byggeskikk – identitet og heilskap
- Ha eit trygt og robust lokalsamfunn med ein kompetent beredskapsorganisasjon

I samfunnsdelen er det ei nærrare omtale av kvart satsingsområde om kva som er utfordringar, mål og strategiar/vegval.

REGIONAL SAMHANDLING OG OMSTILLING

Vågå kommune deltek i ein rekke regionale og interkommunale samarbeid som også kan bli utvida i løpet av planperioden. Med utgangspunkt i vedteke økonomiplan vart det igangsett eit omfattande omstilling og endringsarbeid i forkant av budsjettbehandling for budsjett 2025 og økonomiplanperioda 2026 og 2027. Vedtaket viser at Vågå kommune må redusere kostnader eller auke inntekter i driftsbudsjettet. Det vil difor i løpet av planperioden bli sett på ein rekke potensielle samarbeidsområde i eit vertskommunesamarbeid med Sel kommune.

Per dags dato har kommunen følgjande samarbeid:

- **Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen (6 kommunar)** saman med kommunane Lesja, Dovre, Sel, Lom og Skjåk. Regionrådet er eit politisk organ som m.a. skal fremje regionen sine interesser gjennom:
 - å leggje til rette for næringsutvikling, med særleg vekt på gode vilkår for nyetableringar, vidareutvikle eksisterande næringsliv og etablering av offentlege arbeidsplassar
 - politisk interessearbeid overfor overordna myndigheter i distriktpolitiske spørsmål.
 - å samordne kommunane sine høyringsuttaler der ein finn det tenleg.
 - interkommunale samarbeidstiltak
 - å profilere regionen som ein attraktiv tilflyttarregion
- **Regiondata.** Saman med dei fem andre kommunane i regionen deltek Vågå i det regionale IT samarbeidet Regiondata.
- **Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter (NGLMS.)** er etablert i eit samarbeid mellom Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, Sel kommune og Sykehuset Innlandet HF. Sel kommune er vertskommune for samarbeidet og fleire spesialisthelsetenester og interkommunal jordmorvaktordning er etablert i bygget.
- **Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR).** Interkommunalt selskap for felles renovasjonsordning for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

- **Kartsamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen (NGGIS).** Formalisert samarbeid om forvaltning av geodata og levering av karttenester.
 - **Fjellregionsamarbeid.** Saman med dei fem andre kommunane i regionen deltek Vågå i eit samarbeid.
 - **Vågå og Sel landbrukskontor.** Vågå kommune er vertskommune for felles landbrukskontor for Vågå og Sel.
 - **Vågå har felles regionale PPT- teneste (6 K) og barnevernsteneste (4 kommunar).** Det er Sel kommune som er vertskommune.
- **6 K samarbeid:**
- **6K skule, 6K barnehage og 6K helse.** Kommunane har samarbeid innan både skule og helse.
 - **6K Personal/økonomi.** Kommunane har samarbeid innan både personal og økonomisaker.
 - **6K Næring.** Kommunane har samarbeid innan næringsrelaterte oppgåver.
- **Interkommunalt arkivselskap.** Kommunen er tilslutta det interkommunale arkivselskapet IKA Opplandene som tilbyr arkivdeponering, opplæring og fagleg samarbeid.
 - **Brann.** Vågå kommune og Sel kommune har inngått ei avtale om forpliktande samarbeid frå og med januar 2024 for merkantile dagstillingar og førebyggjande eining innan brann og redningsteneste. Det betyr brannsjef, leiar førebyggjande, leiar beredskap, brannførebyggjande og branninspektør.
 - **Innkjøpssamarbeid.** Vågå kommune har vore vertskommune for eit felles innkjøpssamarbeid i 6K. Etter politisk vedtak blir dette nå avvikla frå 01.01.2025, og Vågå kommune vil saman med dei andre kommunane i 6K gå inn i innkjøpssamarbeid med Abakus AS. Samstundes med dette blir det i dei 12 kommunane i Gudbrandsdalen sett på moglegheiter for eit felles innkjøpssamarbeid i Gudbrandsdalen.

KONKLUSJON

Planstrategien peiker på utviklingstrekk og utfordringar som Vågå kommune står ovanfor i åra framover. Synkande folketal, ein aldrande befolkning, samfunnstryggleik og beredskap i møte med klimaendringar og ekstremvær som blir meir og meir vanleg. Samstundes er det ei aukande utfordring å rekruttere å halde på nødvendig kompetanse. Kommunen har starta ein omstettingsprosess som kan vere med å løyse noko av utfordringane kring kompetanse da større fagmiljø kan bidra til at kommunen ikkje blir så sårbar ved sjukdom eller avslutta arbeidsforhold. Samstundes må ein vera merksam på at ein slik prosess kan skape usikkerheit og bidra til at fleire tilsette vel å avslutte arbeidsforholdet tidlegare enn planlagt.

Fylkeskommunen og kommunane i Innlandet brukar mykje tid og ressursar på å utarbeide planar. Det er viktig at desse planane blir sett i ein samanheng og at det ikkje blir utarbeidd fleire planar enn det som er nødvendig. Utfordringa i Vågå kommune er at den overordna kommuneplanen, samfunnsdelen og arealdel byrjar å bli ein del år. Samstundes er samfunnsdelen like aktuell i dag som da den vart vedteke i 2017. Det er slik sett ikkje nødvendig å bruke store ressursar på ein revidering av den. Ei god løysing kan difor vere å varsle oppstart av revidering av samfunnsdelen saman med høyring av planstrategi der planprogrammet er forenkla fordi hovudtrekka frå samfunnsdelen skal vidareførast. Det er difor utarbeidd eit forenkla planprogram som trekke fram kva for tema som skal reviderast.

Når det gjeld arealdelens så er det behov for å finne nye areal for næringsareal, men det må da vere vilje til å ta ut areal som ikkje er bygd ut/regulert i gjeldande plan. Det er avsett store areal for framtidig utbygging som ikkje er realisert og som har vore avsett i fleire ti-år. Eit vesentleg moment ved revisjon av kommuneplanens arealdel må vere planvask.

VURDERING AV KOMMUNEN SITT PLANBEHOV 2024–2028

Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027, vedtatt 09.08.2017

Enkel revidering. Hovudtrekk frå samfunnsdelen blir vidareført, men det blir ei revidering for å ta omsyn til endringar i samfunnet og få eit oppdatert overordna plangrunnlag. Varslar revidering av samfunnsdel saman med høyring av planstrategi for å spare tid og ressursar. Sjå vedlagt planprogram.

Kommuneplanens arealdel 2017-2027, vedtatt 09.08.2017

Revidering av areal for framtidig næringsareal og eventuelt andre utvalde tema. Planvask der kommunen går gjennom vedteke arealbruk og vurderer tilbakeføring av areal som ut frå ny kunnskap og føringar ikkje bør byggjast ut, må vere ein viktig del av revisjonsarbeidet. Areal er under press og det er mange verdiar og ressursar som må takast vare på. Det er difor viktig at Vågå kommune utnyttar areala effektivt, slik at det blir bygd ned minst mogleg verdifull natur, matjord og friluftsområde. Mange gode formål forutsett endring i bruk av areal. Når det blir bygd veger, bustadområde, fritidsbustader og næringsareal blir karbonlagre i jord og skog redusert. Dette bidreg til utslepp av klimagassar. For å finne riktig balanse mellom utbygging og bevaring, er det viktig at konsekvensen av utbygginga blir synleggjort. Vågå kommune bør difor utarbeide ein arealstrategi og arealrekkeskap som ein del av revisjon av kommuneplanens arealdel. Ein heilsakapleg arealstrategi vil gje grunnlag for å fastsette mål og prioriteringar, som igjen gje forutsigbare og meir effektive planprosessar. Vågå kommune bør ha som ambisjon å bli arealnøytral kommune.

Oversikt over planar og behov for revisjon

Nedanfor følgjar ei opplisting over gjeldande planar og nye planar som skal utarbeidast i Vågå kommune i løpet av planperioden. Tabellen viser alle åra i planperioden og når planarbeidet skal gjennomførast. Det kan oppstå endringar i løpet av planperioden slik at tabellen må vere retningsgivande, men planlagt aktivitet bør gjennomførast i løpet av perioden sjølv om det blir noko avvik frå år til år.

Tema	2024	2025	2026	2027	2028	Merknad
Overordna planar						
Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027						Reviderast
Kommuneplanens arealdel 2017-2027						Reviderast
Økonomiplan						Årleg revidering
Områdereguleringar						
Områdereguleringsplan for heilskapleg sikring av Vågåmo						Ny plan under utarbeiding
Kultur, idrett og friluftsliv						
Kommunal plan for anlegg innan idrett og friluftsliv 2024-2028						Er revidert i 2024
Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad 2018						Vidareførast
Plan for kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2021						Reviderast
Plan for friluftslivets ferdselsårer						Ny plan
Plan for kultur 2025-2028						Ny plan, inkl. kulturskuleplan

Plan for frivillighet og livslang læring 2024-2028						Ny plan
--	--	--	--	--	--	---------

Omsorg, helse og rehabilitering						
Ny helse og meistringsplan						
Bustadpolitisk plan 2022 - 2025						
Landbruk og næring						
Felles beitebruksplan for Sel og Vågå 2018-2027						Årleg revidering
Felles landbruksplan for Sel og Vågå 2020-2024						Reviderast
Tiltaksplan for næringsarbeid						Årleg revidering
Plan, miljø og teknisk infrastruktur						
Klima, energi og miljøplan 2024-2031						Ny plan i 2024, tiltaksdel reviderast kvart 2. år.
Hovudplan veg 2017-2027						Reviderast
Hovudplan vann-, avløp og vassmiljø						Reviderast
Trafikktryggleiksplan 2025-2028						Under utarbeid
Hovudplan bygg og tekniske anlegg						Ny plan

Beredskap						
Overordna beredskapsplan						Årleg revidering
Heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalysar						Reviderast
Tilsynsplan for vassdrag og NVE tiltak						Ny plan
Interkommunale planar						
Strategisk plan – Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal 2025						

PLANPROGRAM FOR REVISJON AV KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Jamfør plan- og bygningslova § 4-1 skal det utarbeidast planprogram når kommuneplanen skal reviderast. Planprogrammet skal gjere greie for formål, utgreiingsbehov og korleis arbeidet skal gjennomførast og medverknadsprosessar. Våga kommune sin samfunnsdel vart vedteke i 2017. Det var eit omfattande revisjonsarbeid som gjekk over fleire år. Resultatet er ein samfunnsdel som har vore mykje nytta og ein samfunnsdel som er like aktuell i dag som da den vart vedteke i 2017.

For å halde det overordna planverket oppdatert er det likevel viktig å revidere kommuneplanens samfunnsdel jamleg, men ettersom samfunnsdelen er like aktuell i dag som da den vart vedteke er det ønskje om at hovudfokusområde frå gjeldande plan skal vidareførast.

Hovudfokusområde er:

- Levekår
- Næringsutvikling
- Stadutvikling
- Klima, beredskap og samfunnstryggleik

Sidan samfunnsdelen vart vedteke i 2017 har det blitt auka fokus på natur og naturtap. Da kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031 vart vedteke i februar i år vart det vedteke seks satsingsområde. Natur- og kulturmiljø og naturmangfold er det 6. satsingsområde og kommunedirektøren meiner det er naturleg at dette punktet blir med som eit hovudfokusområde i kommuneplanens samfunnsdel ved revidering.

I samband med revisjon av klima, energi og miljøplan vart det lagt opp til brei medverknad eksternt og internt i kommunen. Planprosessen var ryddig og godt gjennomarbeidd og punkt som går på natur- og kulturmiljø og naturmangfold var eit politisk innspel som vart innarbeidd. Dette er eit viktig tema framover og kommunedirektøren meiner det er viktig å innarbeide dette temaet i kommuneplanens samfunnsdel som er den overordna planen for kommunen.

Ettersom det vart arbeidd så grundig med kommunedelplan for klima, energi og miljø, som vart vedteke i år, ligg grunnlaget frå dette arbeidet klart og det er ikkje behov for å gjere eit omfattande arbeid for å innarbeide dette punktet i samfunnsdelen. Det blir meir ei formalisering frå gjeldande klima, energi og miljøplan.

Hovudfokusområde i samfunnsdelen blir da:

- Levekår
- Næringsutvikling
- Stadutvikling
- Klima, beredskap og samfunnstryggleik
- Natur- og kulturmiljø og naturmangfald

Nasjonalparkkommune og Nasjonal turiststig

Vågå kommune er del av Nasjonalparkriket reiseliv og fekk i 2019 fornya statusen som nasjonalparkkommune. Denne statusen må innarbeidast i heile organisasjonen ettersom det er eit kriterie for å vere nasjonalparkkommune under merkevara Norges Nasjonalparkar. Eit lite utval stiger kan også bli autorisert som Nasjonal turiststig og Besseggen har fått denne statusen. Det at Vågå kommune er nasjonalparkkommune og at Besseggen er nasjonal turiststig må kome fram av ny samfunnsdel. I praksis blir det berre ei formalisering av gjeldande status i overordna plandokument.

Føringar for kommuneplanens arealdel

Det er behov for starte arbeidet med revisjon av kommuneplanens arealdel 2017-2027. For å lette arbeidet med denne prosessen er det hensiktsmessig å utarbeide nokre klare føringar for dette arbeidet i samfunnsdelen. Det er viktig at arbeidet ikkje blir for omfattande og da er klareføringar frå samfunnsdelen til god hjelp.

Det har lenge vore uttrykt behov for meir areal for framtidig næringsareal så dette er eit tema som må vere med, men elles er det ikkje bestemt nokre tema. Dette bør avklarast i samfunnsdelen. Det vil uansett vere viktig at kommunen går gjennom vedteke arealbruk og vurderer tilbakeføring av areal som ut frå ny kunnskap og føringar ikkje bør byggjast ut, ein såkalla planvask.

Visjon

Vågå kommune sin visjon i gjeldande samfunnsdel er: **VÅGÅ – EIT VERDIVAL**

Sidan denne visjonen vart vedteke i kommuneplanens arealdel i 2017 har det vore arbeidd mykje med stadutvikling, tilflytting og marknadsføring av ledige stillingar i Vågå kommune. Det er mellom anna utarbeidd ei eiga nettside som heiter *Våg å leve* der ein finn oversikt over ledige stillingar i Norddalen. Med bakgrunn i det er det ein del som trur at *Våg å leve* er visjonen til kommunen og i samband med revisjon av samfunnsdelen må det sjåast nærmere på om kommunen skal halde fram med visjonen: **VÅGÅ – EIT VERDIVAL** eller om visjonen bør endrast til: **Våg(å)leve**.

Prosess

Ved varsel om oppstart av revidering av kommuneplanen er det krav om høyring av planprogrammet i minimum seks veker. Dette planprogrammet er forenkla fordi gjeldande samfunnsdel er like aktuell i dag som da den vart vedteke i 2017. Det er difor ikkje behov for ein stor og omfattande revisjon og hovudfokus frå gjeldande plan skal vidareførast. Det skal i tillegg innarbeidast eit punkt frå nyleg vedteke kommunedelplan for klima, energi og miljø.

Ettersom det vart arbeidd så grundig med klima, energi og miljøplan som vart vedteke i år ligg grunnlaget frå dette arbeidet klart og det er ikkje behov for å gjere eit omfattande arbeid for å innarbeide dette punktet i samfunnsdelen. Det blir meir ein formalisering frå gjeldande klima, energi og miljøplan. I tillegg utgjer planstrategien eit kunnskapsgrunnlag som også utgjer eit grunnlag for planprogrammet. Når planstrategien og planprogrammet blir vedteke, kan kommunen starte arbeidet med revideringa av sjølv kommuneplanens samfunnsdel. Planforslaget skal fremjast til politisk handsaming for høyring i 2025 og vedtakast seinast fyrste halvdel av 2026.

Medverknad

Da kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 vart vedteke i 2017 var det lagt ned eit omfattande planarbeid og planen var som ny å rekne. Revideringa no blir mykje meir avgrensa og det einaste hovudfokusområdet som er nytt er ei formalisering frå nyleg vedteke kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031. Det er likevel viktig med medverknad frå administrasjon, politikken, kommunale råd og gjennom brukar- og interessegrupper. Utarbeiding av planforslag skjer elles i dialog med overordna styresmakter.



Figur 5 – Vågåmo vinterstid (foto: Smelt Media)